
Fra: Ole Jan Borgund [mailto:olejanborgund@hotmail.com]

Sendt: 12. september 2014 16:16

Til: Postmottak KUD

Kopi: NAViO-styret

Emne: HØYRINGSFRÅSEGN: Endringar i åndsverklova

Kulturdepartementet

Postboks 8030 Dep

0030 Oslo

Dykkar ref. 14/3035 SFA:MK

NAViO, Norsk audiovisuell oversetterforening, er fag- og interesseorganisasjonen for tekstalar og dubbemanusomsetjarar i Noreg. Vi har no 165 medlemmer og organiserer truleg omkring 75 % av dei audiovisuelle omsetjarane i Noreg. Vi set stor pris på å bli inviterte til å komme med høyringsfråsegn om Kulturdepartementets forslag til endringar i åndsverklova.

NAViO stiller seg bak den høyringsfråsegna som Norwaco har komme med, og støttar dei forslaga Norwaco set fram. Vi ber departementet merke seg særskilt det Norwaco skriv i siste avsnitt av dei innleiande merknadene sine: "Vi understreker imidlertid at en generell avtalelisensbestemmelse ikke reparerer gjeldende utfordringer på tv-distribusjonsområdet." På vegner av medlemmene vil NAViO gjerne utdjupe det Norwaco skriv om det usymmetriske maktforholdet mellom opphavrettshavarane og dei som utnyttar verka våre (under "2. Rettigheter til kollektiv forvaltning – rettighetshavernes reelle valgmuligheter" i Norwacos høyringsfråsegn).

Audiovisuelle omsetjarar er omsetjarar som set om undertekstar og dubbe- og kommentarmanus i norske versjonar av filmar og andre program med utanlandsk tale.

Arbeidet vårt inneber i tillegg til omsetjinga både å leggje til rette dialogen og å fastsetje når replikkar og tekstblokker skal begynne og slutte.

Som omsetjarar og tilretteleggjarar av andre åndsverk er vi alltid i den situasjonen at verka våre er "bestillingsverk", slik at det allereie finst éin eller fleire avtalar om verket før det har oppstått. På den private marknaden blir det sjeldan inngått ein direkte avtale mellom brukaren og opphavsrettshavaren. Derimot finst det på den eine sida ein avtale mellom ein brukar (kringkastar, filmimportør, internettdistributør) og eit omsetjingsbyrå, og på den andre sida ein rammeavtale/oppdragsavtale mellom omsetjingsbyrået og omsetjaren, som oftast er enkeltstående oppdragstakar i eller utanfor næring:

1 Avtalen mellom brukar og omsetjingsbyrå

Dette er oftast ein rammeavtale om teksting og/eller dubbe- og kommentarmanusomsetjing som blir inngått etter tilbodskonkurranse. Det er oftast ikkje ein eksklusivavtale som gir byrået rett på alle oppdrag. Avtalen regulerer også rettane til vidarebruk, særleg vidaresending, av verka.

Det er fleire sider ved desse avtalane som er problematiske for oss opphavsrettshavarar:

- a) Omsetjingsbyråa konkurrerer med kvarandre om desse kontraktane, og hovudkriteriet i konkurransen er pris, ikkje kvalitet. Det inneber i praksis at byrået gir uforsvarleg låge tilbod og kompenserer for det ved låge honorar til omsetjarane.
- b) Omsetjingsbyrået forhandlar i prinsippet med distributøren om vidaresendingsrettane "på vegner av" omsetjarane, utan at nokon som representerer omsetjarane har plass ved forhandlingsbordet. I denne avtalesituasjonen er det derfor ingen som har interesser av å forsvare dei økonomiske og ideelle opphavsrettane til omsetjarane.
- c) Byrået sel i røynda rettar til verk som enno ikkje har oppstått og enno ikkje har nokon opphavsrettshavar. Det inneber at opphavsretten blir uthola fordi det eigentleg ikkje finst noko verk å inngå avtale om.
- d) Omsetjingsbyrået inngår i røynda ein avtale om einerettar som dei enno ikkje har klart.

I sum inneber dette at omsetjingsbyråa gjer ein svært dårleg jobb som "agentar" som inngår avtalar på vegner av opphavsrettshavarane.

2 Avtalen mellom omsetjingsbyrå og omsetjar

Omsetjingsbyrået som har avtale med ein eller fleire brukarar, inngår i neste omgang ein avtale med ei rekkje omsetjarar. Oftast er desse omsetjarane enkeltstående oppdragstakarar i eller utanfor næring. Dei står i røynda overfor eitt einaste val: Dei må anten godta den avtalen byrået legg fram, eller dei må finne seg i ikkje å få nokon oppdrag i det heile.

Dermed blir omsetjarane tvinga til å inngå ein avtale som er uheldig på fleire måtar:

a) Honorarnivået i bransjen blir pressa nedover, fordi det økonomiske elementet er viktigast når byråa konkurrerer om tekstekontraktar. Det inneber at dei må kompensere for dårlege kontraktar ved å betale omsetjaren låge honorar.

b) Omsetjaren blir tvinga til å overgi dei rettane som omsetjingsbyrået krev, i dette tilfellet særleg retten til vidaresending av verka.

Forholdet mellom omsetjingsbyrå og omsetjar tilsvarer på mange måtar eit arbeidsforhold mellom ein arbeidsgivar og ein tilsett, men juridisk sett er det ein avtale mellom to kontraktpartnarar. Det inneber at omsetjarane ikkje har dei same rettane til kollektive avtalar som andre arbeidstakarar, men hamnar i rolla som den svake parten i eit usymmetrisk kontraktforhold.

Som opphavsrettshavarar til audiovisuelle verk opplever vi – som nærmast alle andre grupper innanfor dette feltet – eit sterkt press på både dei økonomiske og dei ideelle rettane som er knytte til åndsverka våre. Til og med ein ufråvikeleg rett som retten til å bli namngitt etter god skikk (åvl § 3) blir i mange tilfelle ikkje respektert. Åndsverklovgivinga skulle i utgangspunktet verne rettshavarar, som oftast står åleine, mot å bli utnytta av sterkare økonomiske aktørar. NAViO meiner at dette vernet no ikkje verkar etter intensjonane, og at dei endringane som det er gjort framlegg om i denne omgangen, er eit steg i riktig retning, men ikkje på langt nær nok til å bøte på situasjonen som vi har skildra over.

På denne bakgrunnen vil NAViO setje fram to viktige ønske om endringar i åndsverklova:

a) Vi treng eit sterkare vern av eineretten til opphavsrettshavaren, særleg retten til vidaresending og nærliggjande bruk av audiovisuelle verk, slik at det går klart fram at desse rettane berre kan forvaltast gjennom godkjende kollektive organisasjonar dersom opphavsrettshavaren ønskjer det.

b) Vi treng sterkare skrankar mot utnytting av opphavsrettshavarar i såkalla "støvsugarkontraktar", for eksempel gjennom rett til kollektive avtalar, for å unngå

usymmetriske avtalar som tvingar opphavsrettshavarane til å selje rettane sine utan rimeleg kompensasjon.

Beste helsing

Ole Jan Borgund
styreleiar, NAViO

Norsk audiovisuell oversetterforening
Arbeidersamfunnets plass 1 C
0181 Oslo
Telefon: + 47 22 20 71 71
E-post: ole.jan.borgund@navio.no
Nettside: www.navio.no